hardangerbadet
frisk og aktiv

Årsmelding 2024

Signeringsmøte 27.3.25. Hardangerbadet Eigedom, Kvammabadet KF og Hardangerbadet AS. Fv. Martin Vik, Tor Brattebø, Reidun Skålheim Solberg, Natalie Nisamjan, Dag Jarle Aksnes og Tom Rasmussen. Foto: Sana Alshami.

Ny drifts- og samarbeids-avtale er på plass

Ei ny drifts- og samarbeidsavtale er no på plass mellom driftsselskapet Hardangerbadet AS og eigarane av badet, Hardangerbadet Eigedom AS og Kvammabadet KF.

Den nye avtala gjev ei fast årleg yting/gjenyting basert på innsiktsarbeid, erfaringstal og nivå for 2023 som fyrste heile driftsår etter Covid. Avtala er gjeldande for to år og er godkjend av heradsstyret og styra til dei to private selskapa.

– Det har vore ei godt og grundig arbeid som har vore lagt ned for å forhandle fram ei ny avtale, seier styreleiar Dag Jarle Aksnes i Hardangerbadet AS.

I alt har det vore sju dialogmøte og mykje godt arbeid mellom møta med djupdykk i utviklinga i inntekter og kostnadar for drift og vedlikehald, fordelingsnøklar, rekning/motrekning og benchmark mot andre bad av tilsvarande storleik. I tillegg har partane sett framover høvesvis venta utvikling når det gjeld vedlikehald og korleis ein kan auke aktiviteten og dimed inntektene.

Avtalen har også vore gjenstand for juridisk vurdering og gjennomgang av Advokatfirma Harris. Dei har stadfesta at den nye avtala ikkje vil vere i strid med vilkåra som tidlegare er gjevne for spelemidlar og momskompensasjon. Målet har vore å få til eit faktabasert og sams bilete av inntektspotensialet og kva det kostar drifta å vedlikehalde badet i dag og dei komande åra. Avtala som no er signert, er basert på felles innsikt og meiningsbryting kring ytingar og gjenytinga. Den gjev Hardangerbadet AS ei fast årleg yting frå Kvam herad gjennom Kvammabadet KF til drift og vedlikehald og som også sikrar at kommune får sin del av netto billettinntekter. Hardangerbadet Eigedom AS bidrar med å redusere årleg husleige. I tillegg har dei to eigarane øyremerkt midlar for å møte ei auke i vedlikehaldet som er grunn til å venta i dei komande åra. Den nye avtalen er gjeldande for 2025 og 2026.

Tekst frå referat etter dialogmøte

Oversikt

4 Innleiing

6 Verksemda, drifta og bygget

7 Fasilitetar

8 Arbeidsmiljø, sjukefråvær og likestilling

10 Tryggleik og HMS

11 Aktiviteten i Hardangerbadet

12 Aktivitetar i 2024

13 Styret, administrasjon og økonomi

14 5-årsjubileum

15 Badebutikk og kafé

16 Samarbeid og synergieffektar

17 Miljøansvar

18 Oppsummering

19 Resultatrekneskap

20 Balanse

22 Notar

frisk og aktiv

Eit år er omme

Eit år fylt av varierte oppgåver, utfordringar, motstand og medgang.

I overgangen til 2024 starta eg i stillinga som dagleg leiar i Hardangerbadet. Eit val i livet som bydde på mange tankar og refleksjonar. Eg var førebudd på at kvardagen kom til å verta annleis, og at læringskurva skulle verta bratt.

Det fyrste året er gått, og for eit år det har vore! Det har vore både spanande og læringsrikt.

Arbeidskvardagen har vore prega av mange ulike oppgåver, endringar og nye rutinar. Tida har vore brukt til å verta kjent med badet, med dei tilsette og med alle gjestane våre.

Mot slutten av året sat eg igjen med mange følelsar.
Mest av alt følelsar av støtte og fellesskap. Når orda om Hardangerbadet har vore mange, både i lokalavisa og på folkemunne, har me opplevd ei enorm støtte. Ei støtte som gjev oss motivasjon og drivkraft til å fortsetja, til å venda blikket opp og fram.

Eg kjenner meg stolt over det flotte anlegget me har, og saman skal me i Hardangerbadet gjera det me kan for å ta godt vare på badet, på drifta og på alle gjestane våre.

Me vil nytta høvet til å takka alle våre medlemmar, garantistane våre og alle besøkande for oppmuntrande ord og støtte gjennom året! Me set pris på at de er våre støttespelarar.

Refleksjonar frå dagleg leiar
Natalie Nisamjan

Fyrste dag etter sommarferie 2024.
Frå venstre framme: Natalie Nisamjan, Britt Tone Himle, Sana Alshami, Esmee van der Linden, Ingunn Gule Langeland. Bak frå venstre: Dag Instanes, Martin Neteland, Kristian Børve.

Etablere nye berekraftige og samfunnsnyttige helsetenester. Gjennom synergi skapa vekstkraft, arbeidsplassar og styrkja Hardanger som lokalsamfunn og reisemål.

Verksemda, drifta og bygget

Foto: Hundven-Clements, Link Arktitektur

Hardangerbadet er eit moderne symje-, og badeanlegg som stod ferdig og opna for publikum 26.12.2019. Hardangerbadet har eit bruttoareal på 6200 m² og er teikna av LINK arkitektur. Verksemda er lokalisert i Hardangerfjordvegen 615, Øystese i Kvam herad.

Bygget er inndelt i to seksjonar der Hardangerbadet Eigedom AS (HBE) eig 60% og Kvammabadet KF eig 40%.

Kvammabadet KF (KB KF) er eit kommunalt føretak under Kvam herad. Av badeanlegget eig Kvammabadet KF 76%, som består av garderobeanlegg, trenings- og konkurransebasseng og eit opplærings- og terapibasseng. Hardangerbadet Eigedom eig 24% av badeanlegget som inneheld familiebasseng, motstraumsbasseng, vassklie og eit plaskebasseng til dei minste.

Hardangerbadet AS har ansvar for å drifta anlegget. Det er to avtalar som viser kva ansvar og forpliktingar selskapet har:
1. Leigeavtale mellom HBE og HB, signert 10. desember 2019
2. Drifts- og samarbeidsavtale mellom partane, KB KF, HB AS og HBE AS, signert 22. sepember 2020. Gyldig til 31. desember 2024.

Leigeavtalen mellom HBE og HB skildrar plikter og oppgåver mellom partane.

Drifts- og samarbeidsavtalen styrer drifts- og vedlikehaldsansvar samt kostnads- og inntektsfordeling mellom partane.



Planteikning

Fasilitetar

- 25-metersbasseng med seks symjebanar, som held 28 grader.
- Familiebasseng med straumkanal, klatrevegg, massasjedusj og leikepytt, som held 29 grader.
- Opplæringsbasseng (12,5 m) som held 33,5 grader.
- Vassklie, 1 meters stupebrett og 3 meters stupetårn.
- Sauna i fellesareal.
- Garderobeanlegg med omkledningsrom for familier.
- Kafé med sitjeområde både inne i badet og i foajeen.
- Resepsjon
- Badebutikk
- Treningsrom

– og verdas finaste utsikt!

Arbeidsmiljø, sjukefråvær og likestilling

I 2024 har både Palestina, Nederland, Syria, England og Noreg vore representert blant dei tilsette.

Hardangerbadet AS sysselsette i 2024 inntil 9,1 årsverk, fordelt på 29 tilsette i små og større stillingar. Løn og arbeidsvilkår vert sett med utgangspunkt i tariff og styrt av arbeidsmiljøloven.

Hardangerbadet skal vera ein arbeidsplass der det er likestilling mellom kvinner og menn. Likestilling mellom kjønna vert sikra gjennom den daglege drifta. Hardangerbadet ynskjer til ei kvar tid å ha både menn og kvinner på jobb for å kunne utføra dei oppgåvene som er naudsynt for drifta av badet. Fordelinga mellom kvinner og menn i føretaket er jamn blant dei tilsette i faste stillingar. Hardangerbadet har fleire kvinner tilsett som tilkallingsvikarar, noko som påverkar kjønnsfordelinga (sjå graf).

Gjennomsnittleg legemeldt sjukefråvær i 2024 var 3,2 %, samanlikna med 8,6% i året 2023. Sjukefråværet er 1,4% lågare enn i same bransje. Legemeldt kortidsfråvær ligg på 1,3%, medan det langtidssjukemelde fråværet er på 1,9%. Hardangerbadet har eit noko høgare fråvær enn bransjen på legemeldt kortidsfråvær og ligg under bransjen på langtidsfråvær.

Sjukemeldte tilsette har hatt kontinuerleg oppfølging av dagleg leiar i samsvar med NAV sine retningslinjer. I tillegg vart det i siste del av 2023 og ut 2024 satt i gang tiltak for å redusere sjukefråværet i Hardangerbadet. Ein ser ei positiv endring i sjukefråværet. Sjukefråværsstatistikken er henta frå NAV.

Alderssamansetninga blant dei tilsette fordeler seg frå 13 til 76 år. Hardangerbadet har frå fyrste dag fokusert på å byggja eit godt arbeidsmiljø. Føretaket legg til rette for integrering og opplæring og har tilsette frå ei rekke ulike nasjonalitetar. I 2024 har både Palestina, Nederland, Syria og England vore representert i tillegg til Noreg.

For mange unge badevertar er Hardangerbadet det fyrste møtet med arbeidsgjevar, og dette er eit ansvar føretaket må forvalte på ein god måte. Tryggleik, reinhald, service og venskap er alltid i fokus, det gjeld både internt i verksemda og i møte med gjestane våre. Tilbakemeldingar frå dei tilsette er at dei trivs på arbeidsplassen.



Kjønnsfordeling og snittalder blant dei tilsette i 2024.

Ein ser ei positiv endring i sjukefråværet. Sjukefråværsstatistikken er henta frå NAV.



Tryggleik og HMS

Badevertane må gjennom halvårlege sertifiseringar for å kunne jobba som badevertar. Alle må bestå tryggleikskursa innan livredning og fyrstehjelp.

I tillegg har badevertane jamleg eigentrening. I 2024 vart det gjennomført livredningskurs med variert fokus, både innan grunnleggjande hjarte- og lungeredning, bruk av hjartestartar, dykketest og øving på ulike scenario som kan oppstå i badet som er relevant for arbeid i og ved bassenget.

Tryggleik, service og reinhald er det viktigaste badevertane jobbar med. Gode rutinar og jamleg opplæring skapar ei trygg ramme og gode opplevingar for alle som vitjar Hardangerbadet.

Verdien av god tryggleik for badegjestane ligg i tilsyn og førebygging av hendingar, samstundes som det er gode rutinar ved ei alvorleg hending knytt til livredning, fyrstehjelp og bassengforureining.

Hjartestartaren vår heng godt synleg, er offentleg registrert og dei tilsette er opplært i bruken.

Aktiviteten i Hardangerbadet

Fordelinga av kven som har besøkt Hardangerbadet i 2024 syner at det er besøkande med enkeltbillett som utgjer den største kundegruppa. Datagrunnlag frå kassasystemet syner òg at det vart seld fleire enkeltbillettar i helgar og feriar, medan medlemar oftare kjem på besøk i vekedagane.

Badet hadde ein god start på årets fyrste kvartal, med ei positiv endring på 2561 fleire besøk mot fjoråret. Eit flott og varmt vårvêr påverka besøkstalet i andre kvartal, noko som resulterte i mindre besøk totalt sett mot fjoråret. Besøkstalet for 2024 landa på 45 827 besøk.

Hardangerbadet starta året med 775 medlemmer. Ved utgangen av 2024 var medlemstalet 808, noko som syner ei jamn auke.

Det har vore fokus på å oppretthalda god kvalitet på dei allereie aktive kursa og arrangementa i badet. Målet med arrangementa våre er at dei skal bidra til inkludering, sosialt samvær og gi betre helse.



- Enkeltbillettar 60 %
- Medlem 15%
- Klippekort 11 %
- Kurs og arrangement 7 %
- Hotell 7 %

Aktivitetar i 2024

- Symjekurs for vaksne
- Gymlappen for ungdom
- Badelappen
- Babysymjing (53 små deltok i 2024)
- Småbornsymjing
- Trygg i vatn
- Lett sveitt
- Badebursdag
- Badedisco under Øystesecup (inngang 631 stk.)

Gjennom året har me hatt 3235 gjester innom på kurs, arrangement og utleige.

Bassengtrening er vårt mest populære treningstilbod. Desse går kontinuerleg heile året med unntak av i feriar og heilagdagar. I 2024 gjekk det fast 6 timar per veke. I tillegg har Kvam Revmatikarlag, samt Kvam LHL, faste treningar kvar veke i terapibassenget.

Totalt finns det 14 treningstimar kvar veke, med ulik intensitet, der kvemmingane held seg friske og aktive.

Styret, administrasjon og økonomi

Styret

Dag Jarle Aksnes	Styreleiar
Hans Jørgen Andersen	Nestleiar
Marit Buttingsrud	Styremedlem
Olav Botnen	Styremedlem
Caroline Stryker-Vassnes	Styremedlem
Samson Håland	Varamedlem

Administrasjonen

Natalie Nisamjan	Dagleg Leiar
Kristian Børve	Teknisk Leiar

Styret har gjennomført 5 møter i 2024 og handsama 32 sakar.
Dagleg leiar møter fast til alle styremøte og er styret sin sekretær.

Drift

Styret stadfestar at forutsetning om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Utgreiing av årsrekneskapen

Selskapet nådde eit resultat i 2024 på kr - 1 128 244 mot eit resultat på kr 506 074,- året før.

Selskapet hadde pr. 31.12.24 ein bokført eigenkapital på kr 837 474,- (2023: 955 780,-).

Total balansesum er på kr 4,9 millionar (2023: 4,1 millionar kroner).

Øystese 27. mars 2025

Dag Jarle Aksnes Styreleiar	Hans Jørgen Andersen Nestleiar	Natalie Nisamijan Dagleg leiar
Marit Buttingsrud Medlem	Olav Botnen Medlem	Caroline Stryker-Vassnes Medlem

5-års jubileum

15. desember 2024 var det fem år sidan Hardangerbadet opna dørene for fyrste gong!

Jubileet vart feira med konkurransar heile desember, arrangement i badet og lekre kaker levert frå Hardanger Bakeri.

I løpet av desse fem åra har det vore 226 587 besøk inne i badet eksklusiv skulesymjinga som tilsvara omlag 12 000 besøk kvart år.

Badebutikk og kafé

- Badetøy til alle, i alle storleikar
- Alt du treng og litt til
- Nevemat, is og kaffi til svoltne gjester
- Utstyr og kle til bading, ute og inne

I året 2024 vart det til saman selde 25 882 varer i butikk og kafé. Av desse var det 3113 koppar kaffi, 2184 toast og 3000 kuler med is! Omsetning i butikk og kafé er avhengig av helgar og feriar med mykje besøk.

I butikk og kafé er det fokus på bestselgarar, volum på riktige varer, samt næringsrike ferskrettar.

Samarbeid og synergieffektar

Hardangerbadet er avhengig av, og ynskjer, gode samarbeid med andre lokale verksemder. Auka aktivitet skapar betre helse, ei betre og meir attraktiv bygd å bu i, fleire arbeidsplassar og auka omsetning for alle.

Våre samarbeidspartnarar i 2024, og framover i tid, er blant andre:

- Hardangerfjord Hotel
- Helse i Hardanger
- Thon Hotel Sandven
- Kvam herad
- Optima pH
- Hardanger Akvasenter
- Hardangerbadet Fysioterapi
- Øystese Fotball
- Øystese IL
- Min Blom

Miljøansvar

Bransjen som Hardangerbadet er ein del av er ingen versting når det kjem til forureining eller utslepp som kan påføre skade for det ytre miljøet, utover det som er normalt. Likevel, i lys av høge straumkostnadar og stort forbruk av kjemikaliar, vart det naudsynt og teneleg å ta grep i 2022. Desse grepa som vart utført i 2022 viser seg i direkte reduserte kostnader i åra etter.

- Utvikle og installere marmorfilter som reduserer forbruket av syreprodukt i vasshandsaming. Før installasjon av marmorfilter nytta ein 78 sekker med natriumbikarbonat per år. Dette har ein kunna fjerna heilt ved bruk av knust marmor. Årleg nytta ein 234 stykk 25 liters dunkar med syre per år. Dette tilsvara 5820 liter syre til ein pris kr 93 600,-. Bruken av syre er redusert til kun 27 dunkar årleg, tilsvarande 675 liter til ein pris av kr 10 800,-. Marmor som vert nytta kostar kun 600 kr per år. Tiltaket fører til mindre kjemikaliar i bassenga som er betre for gjestane, betre for inneklimaet og betre for utstyret i anlegget.
- Redusering av energibruk ved installering av tids- og behovsstyring, justering av diverse installasjoner.
- Enøktiltak, solcellekraft. Produserte 140 000 kwh i 2024. Totalforbruk i badeanlegget var 970 000 kwh 2024.
- Redusere kjemikaliebruk og betre HMS i dagleg reinhald ved å byte ut alle syreprodukt med naturlege produkt frå Optima Ph. Desse har fungert godt til mesteparten av våre behov og vil difor nyttast i tida framover.

Oppsummering

Det har vore eit innhaldsrikt år med fokus på opplæring, stødig drift, djupdykk i inntekter og kostnader med tanke på ny drifts – og samarbeidsavtale. Samtidig har me vidareført allereie eksisterande kurs og arrangement.

Hardangerbadet har eit breitt tilbod til menneske i alle aldrar. Verksemda genererer større samfunnsverdiar enn dei isolerte driftskostnadane som vert generert. Hardangerbadet skapar attraktivitet til besøkjande og heimflyttarar, arbeidsplassar og økonomiske synergieffektar i kommunen. Hardangerbadet er ikkje berre ein arena for fysisk aktivitet. Det er ein stad for samvær, sosialisering og integrering. Det er ein arena for leik og moro, for både unge og eldre.

Totalt sett vart det ein nedgang i antal besøk sett mot fjoråret. Me ser at det vil vera ein variasjon gjennom åra med tanke på været og korleis det treff feriane. Me er positive til å gjera Hardangerbadet endå meir attraktivt i tida framover og arbeider alltid mot betre resultat. Me har i løpet av året planlagt mange kjekke aktivitetar for året som kjem.

Som badeanlegg ynskjer me å ta ansvar for miljøet, noko som visar seg i tiltaka utført dei siste åra.

Me vil vera ei bedrift som har fokus på folkehelse, symjeferdigheiter og lågterskel fritidsaktivitetstilbod. I 2024 leverte me ei god teneste til over 45.800 menneske i Hardangerbadet. Det er me er stolt av.

Hardangerbadet
– meir enn berre eit bad!

Resultatrekneskap

	Note	2024	2023
Driftsinntekter			
Salsinntekt		7 628 805	7 131 761
Annan driftsinntekt		9 004 925	9 406 101
Sum driftsinntekter	**1, 2**	**16 633 731**	**16 537 862**
Driftskostnadar			
Varekostnad		-1 062 799	-1 107 057
Lønnskostnad		-5 612 375	-5 184 999
Avskrivning på varige driftsmidlar og immaterielle eigendelar	3, 4	-128 458	-113 036
Annan driftskostnad	5	-11 063 965	-9 600 346
Sum driftskostnadar		**-17 867 597**	**-16 005 438**
Driftsresultat		-1 233 867	532 423
Finansinntekter			
Annan renteinntekt		549	3 643
Annan finansinntekt		19 044	18 045
Sum finansinntekter		**19 593**	**21 688**
Finanskostnadar			
Nedskrivning av finansielle eigendelar		-199 094	-45 000
Annan rentekostnad		-1 233	-122
Annan finanskostnad		-5 804	-2 915
Sum finanskostnadar		**-206 131**	**-48 037**
Netto finans		-186 538	-26 349
Resultat før skattekostnad		-1 420 405	506 074
Skattekostnad		292 161	0
Årsresultat		-1 128 244	506 074
Overføringar			
Mottatt konsernbidrag		-1 035 844	0
Udekka tap		-92 400	506 074
Sum overføringar		**-1 128 244**	**506 074**

Balanse

EIGENDELAR	Note	2024	2023
Anleggsmidlar			
Varige driftsmidlar			
Tomter, bygningar og annan fast eigendom	5	61 010	70 647
Maskiner og anlegg	5	43 308	73 287
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	5	120 416	158 475
Sum varige driftsmidlar		**224 735**	**302 409**
Finansielle anleggsmidlar			
Investeringer i aksjar og andelar		55 000	55 000
Sum finansielle anleggsmidlar		**55 000**	**55 000**
Sum anleggsmidlar		**279 735**	**357 409**
Omløpsmidlar			
Varer			
Varer		384 933	370 424
Sum varer		**384 933**	**370 424**
Fordringar			
Kundefordringar		1 054 413	95 121
Kortsiktige konsernfordringar	6	1 328 005	0
Andre kortsiktige fordringar	7	548 054	220 870
Sum fordringar		**2 930 472**	**315 992**
Bankinnskudd, kontanter og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og liknande		1 357 542	3 037 456
Sum bankinnskudd, kontanter og liknande		**1 357 542**	**3 037 456**
Sum omløpsmidlar		**4 672 947**	**3 723 872**
SUM EIGENDELAR		**4 952 682**	**4 081 282**

EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2024	2023
Eigenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	8, 9	1 581 369	1 581 369
Beholdning av eigne aksjar	8, 9, 10	-30 906	-5 000
Overkurs	9	1 330 255	1 330 255
Annan innskutt eigenkapital	9	1 000 000	1 000 000
Sum innskutt eigenkapital		**3 880 718**	**3 906 624**
Opptjent eigenkapital			
Udekka tap	9	-3 043 244	-2 950 844
Sum opptjent eigenkapital		**-3 043 244**	**-2 950 844**
Sum eigenkapital		**837 474**	**955 780**
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 041 593	372 580
Skyldige offentlege avgifter		283 183	913 311
Kortsiktig konserngjeld		412 500	300 000
Annan kortsiktig gjeld	6	1 377 934	1 539 613
Sum kortsiktig gjeld		**4 115 211**	**3 125 504**
Sum gjeld		**4 115 211**	**3 125 504**
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		**4 952 685**	**4 081 284**

Øystese 27. mars 2025

Dag Jarle Aksnes Styreleiar	Hans Jørgen Andersen Nestleiar	Natalie Nisamijan Dagleg leiar
Marit Buttingsrud Medlem	Olav Botnen Medlem	Caroline Stryker-Vassnes Medlem

Notar

Rekneskapsprinsipp

Hardangerbadet AS starta si ordinære drift per 15.12.2019. Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

Offentlege tilskot

Offentlege tilskot rekneskapsførast til verdien av tilskotet på transaksjonstidspunktet. Tilskot resultatførast samtidig med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Resultatføring av tilskot skjer når det er sannsynleg at betingingane for tilskotet er, eller vil verta, oppfylt.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmidlar er eigendelar bestemt til varig eige eller bruk. Eigendelar som er knyttet til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar klassifiserast som omløpsmidlar om dei forfell til betaling innan eitt år etter transaksjonsdagen. Tilsvarande klassifiserast gjeld som kortsiktig om gjelda forfell til betaling innan eitt år.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidlar vurderast til anskaffelseskost. Varige anleggsmidlar vert avskrivne etter ein fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje forventast å vera forbigåande. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetningar vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Varebehaldningar

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til lågaste verdi av anskaffingskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Det vert foretatt nedskriving for påreknelig ukurans.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert balanseført og avskrive over driftsmidlane si levetid dersom dei har antatt levetid over 3 år og har ein kostpris som overstiger kr 15 000. Direkte vedlikehald av driftsmidlar vert kostnadsført løpande under driftskostnadar, mens påkostingar eller forbedringar vert tillagt driftsmidlet sin kostpris og vert avskrive i takt med driftsmidlet.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapet omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er berekna med 22% på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier, samt skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utligna og skattevirkninga er berekna på nettogrunnlaget.

For øvrig er følgande rekneskapsprinsipp anvendt:

Forsikra pensjonsforplikting er ikke balanseført - kostnaden er lik premien. Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga er ikkje balanseført. Leigeavtalar er ikkje balanseført. Fordringar og gjeld i utanlandsk valuta er verdsatt til kursen ved rekneskapsårets slutt. Kursgevinstar og kurstap i utanlandsk valuta vert ført som finansinntekt og finanskostnad.

Selskapet har ikkje endra rekneskapsprinsipp frå 2023 til 2024.

Note 1 - Offentleg tilskot og avrekning mot fjoråret

	2024	2023
Avrekning mot fjoråret Kvam herad	1 492 996	1 658 460
Underskotsdekning Kvam herad		1 100 000
Underskotsdekning kausjonistar	70 000	930 000
Underskotsdekning Hardangerbadet Eiendom AS		100 000
Kvam herad, tilskot regionalforvalting		
Enova energitilskot	158 850	
Sum offentleg tilskot og avrekning fjorår	**1 721 846**	**3 788 460**

Note 2 - Annan driftsinntekt

	2024	2023
Viderefakturerte kostnadar	7 305 599	7 653 027
Andre inntekter	-22 520	64 613
Sum annan driftsinntekt	**7 283 079**	**7 717 640**

Note 3 - Lønnskostnadar

Spesifikasjon av lønnskostnadar	2024	2023
Lønn	4 799 227	4 412 670
Arbeidsgivaravgift	545 820	527 842
Pensjonskostnadar	123 270	101 253
Andre relaterte ytelsar	144 059	143 233
Sum	**5 612 375**	**5 184 999**

Meir om årsverk og løn

Verksemda er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Gjeldande pensjonsordning oppfyller krava etter loven.

Note 4 - Antall årsverk

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret: 9,1

Note 5 - Varige driftsmidlar og immaterielle eigendelar

	Varige driftsmidlar
Anskaffingskost 01.01.	738 666
Tilgang i året	50 783
Avgang i året	0
Anskaffingskost 31.12.	**789 449**
Samla avskrivningar, nedskrivningar og reverseringar av nedskrivningar	-564 715
Balanseført verdi per 31.12.	**224 734**
Avskrivningar, nedskrivningar og reverseringar av nedskrivningar i rekneskapsåret	128 457

Note 6 - Konsern, tilknytta selskap m.v.

Morselskap som ikkje utarbeider konsernrekneskap

Transaksjoner med datterselskaper

Hardangerbadet AS betalte husleie til Hardangerbadet Eiendom AS på 3,0 mill. kroner i 2024. Hardangerbadet AS viderefakturerte driftskostnader til Hardangerbadet Eiendom AS for 1,4 mill. kroner i 2024.

Fordringar

	2024	2023
Samla beløp som gjeld føretak i same konsern	1 328 005	0

Kortsiktig gjeld

	2024	2022
Samla beløp som gjeld føretak i same konsern	300 000	300 000

Note 7 - Lån og sikkerheitsstillelse til leiande personar, eigarar med vidare

Det er ikkje gitt lån eller sikkerheitsstillelse til medlemmer av styrande organ.

Note 8 - Aksjekapital

Aksjeklasse	Antal aksjar	Aksjenes pålydende	Bokført verdi
Ordinære	1 581 369	1	1 581 369

Aksjonærar	Antal aksjar	Eigarandel %	Aksjeklasse
Hardangerbadet Eigedom AS	1 423 350	90,01	Ordinære
Øystese Næringslag	34 695	2,19	Ordinære
Hardangerbadet AS	31 506	1,99	Ordinære
Lingalaks AS	10 000	0,63	Ordinære
Martin Vik	9 108	0,58	Ordinære
Tecno VVS AS	8 103	0,51	Ordinære
Kjosås Eiendom AS	5 650	0,36	Ordinære
Kleppe Eiendomsselskap AS	5 607	0,35	Ordinære
Kvam Elektro AS	5 205	0,33	Ordinære
Hardanger Bil AS	5 173	0,33	Ordinære
Hardanger Betong AS	5 103	0,32	Ordinære
Coop Hordaland DA	5 077	0,32	Ordinære
Flotve Eiendom AS	5 000	0,32	Ordinære
Jan Mo AS	5 000	0,32	Ordinære
Kjosås Maskin AS	5 000	0,32	Ordinære
Nils Aksnes & Co AS	5 000	0,32	Ordinære
Øystese Mek Verksted AS	5 000	0,32	Ordinære
Alsaker Fjordbruk AS	5 000	0,32	Ordinære
Optiker Bjelland AS	1 500	0,09	Ordinære
Hardanger Trening AS	530	0,03	Ordinære
Link Arkitektur AS	402	0,03	Ordinære
MX Sport Øystese AS	129	0,01	Ordinære
Sabak AS	103	0,01	Ordinære
KV Teknikk AS	77	0,00	Ordinære
Øystese sanitetslag	51	0,00	Ordinære
Totalt antal aksjer	**1 581 369**	**100**	

Note 9 - Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan innsk. EK	Opptjent eigenkapital	Udekka tap	Sum
Eigenkapital 31.12.2023	1 576 369	1 330 255	1 000 000	0	-2 950 844	955 780
Årsresultat	0	0	0	-1 035 844	-92 400	-1 128 244
Mottatt konsernbidrag	0	0	0	1 035 844	0	1 035 844
Kjøp av eigne aksjar	-25 906	0	0	0	0	-25 906
Eigenkapital 31.12.2024	**1 550 463**	**1 330 255**	**1 000 000**	**0**	**-3 043 244**	**837 474**

Note 10 - Eigne aksjar og medlemskontoar i samvirkeføretak

	Antal	Aksjens pålydende	Andel av aksjekapital %
Behaldning av eigne aksjar	30 906	1	1,9

	Endringer i behaldning av eigne aksjar i løpet av rekneskapsåret	Endringer i behaldning av aksjar i morselskapet i løpet av rekneskapsåret
Antal aksjar ervervet	25 906	0
Vederlag	225 000	0
Andel av aksjekapital %	1,6	0
Bakgrunnen for erverv som har funne stad	Forliksavtale	

Note 11 - Midlertidige forskjellar - utsatt skatt/skattefordel

Utsett skatt/utsett skattefordel i balansen vert avsett på grunnlag av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar i medhald til norsk rekneskapsstandard for skatt. Midlertidige skatteaukande og skattereduserande forskjeller som kan utliknast er nettoført.

Midlertidige forskjellar knytta til:	01.01.2024	31.12.2024	Endring
Anleggsmidlar	-43 221	-77 804	34 583
Omløpsmidlar	-74 491	-7 371	-67 120
Fremførbart underskot	-6 268 613	-6 178 568	-90 045
Netto forskjeller	**-6 386 325**	**-6 263 744**	**-122 581**
Skattereduserande forskjellar som ikkje kan utliknast	6 386 325	6 263 744	122 581
Sum midlertidige forskjellar som påvirkar betalbar skatt	**0**	**0**	**0**
Utsett skatt 31.12.2023 basert på 22 %	**0**	**0**	**0**

Utsett skattefordel balanseførast ikkje, dette i medhald til God rekneskapsskikk for små føretak.

Note 12 - Spesifisering av skatt

Skattekostnad	2024	2023
Betalbar skatt på alminnelig inntekt	-292 161	0
Skattekostnad	**-292 161**	**0**

Skattepliktig inntekt	2024	2023
Resultat før skatt	-1 420 405	506 074
Permanente forskjellar	214 982	54 031
+/- Endring i midlertidige forskjellar	-32 536	29 096
- Anvendelse av framførbart underskot	-90 045	-589 201
Skattepliktig inntekt	**1 328 005**	**0**

Usikkerheit om fortsatt drift

Det er knytt usikkerhet til fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift er til stades, og årsrekneskapet for 2023 er sett opp under denne forutsetning. Det vart i 2020 inngått drifts- og vedlikehaldsavtalar med Kvammabadet KF og med Hardangerbadet Eigedom AS. I budsjettet for 2024 har dette ein verdi på ca. 6,5 mill. kroner av Hardangerbadets budsjetterte inntekter på 16,8 mill. kroner.

Eigenkapitalen er lågare enn forsvarlig ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Styret har iverksatt tiltak for å sikre fortsatt drift. Avtalen med Kvammabadet KF og Hardangerbadet Eigedom AS skal reforhandlast i 2025.

Eg vil takke deg, Hardangerbadet, for alt du betyr for meg

Gjennom dei store glasa ser eg fjorden og fjella,
og kvar gong eg er her, kjenner eg meg fri.

Vatnet omfamnar meg, let meg kjenne meg lett og levande.
Her kan eg puste, bevege meg, styrke kroppen og sinnet.

Du gir meg meir enn berre ein stad å symje
– du gir meg helse, glede og fellesskap.

Eg møter smil, latter og gode samtalar,
og kvar einaste gong går eg herifrå med meir energi enn då eg kom.

Livet mitt er rikare med deg, Hardangerbadet.
Takk for alle opplevingane, alle augeblikka av lukke og ro.

Takk for at du finst.

Tekst i Hordaland Folkeblad av Liv Helena Skeie-Rubio

hardangerbadet

Org.nr: 992 635 916
hardangerbadet.no

glynt.no